

**Fra:** Ingunn Kandal [inkan@online.no]

**Til:** "post@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["post@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]

**Kopi:** Trude Brosvik [Trude.Brosvik@sfj.no]; Åshild Johanne Høivik Kjelsnes [ashild.kjelsnes@sfj.no]; Gunhild Alis Berge Stang [Gunhild.Berge.Stang@sfj.no]; "jenny.folling@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["jenny.folling@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]; "Sigurd.Erling.Reksnes@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["Sigurd.Erling.Reksnes@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]; "Aleksander.Oren.Heen@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["Aleksander.Oren.Heen@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]; "Hilmar.Hol@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["Hilmar.Hol@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]; "Helen.Hjertaas@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["Helen.Hjertaas@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]; "Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no"@nmsh5.nsc.no ["Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no"@nmsh5.nsc.no]

**Sendt:** 12.02.2019 09.53.28

**Emne:** Gå mot utviding av Vestland!

**Vedlegg:**

[Til fylkesutvalet/Sogn og Fjordane sine medlemmar i fellesnemnda](#)

Viser til: [https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-sogn-og-fjordane/DKSF10003019/05-02-2019?fbclid=IwAR1wd8mUkbeicRwouxZn5HA6EBIV6BZ\\_k2RnP8fD2izgDcgRLMXgjLp7Cvc](https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-sogn-og-fjordane/DKSF10003019/05-02-2019?fbclid=IwAR1wd8mUkbeicRwouxZn5HA6EBIV6BZ_k2RnP8fD2izgDcgRLMXgjLp7Cvc)

Her tek fylkesordførar Anne Gine Hestetun i Hordaland til orde for at Vestland skal utvidast med Rogaland og Sunnmøre. Ikkje nok med det; hennar utsegn må utan tvil også forståast slik at ho vil arbeide for dette skal skje.

Raudt Sogn og Fjordane gjekk inn for folkeavstemming om Sogn og Fjordane skulle slåast saman med Hordaland. Det blei dessverre ikkje halde folkeavstemming, men det som var av meiningsmålingar tydde på at eit fleirtal av innbyggjarane i Sogn og Fjordane var mot samanslåing.

Den store skepsisen som til tider også var i Sogn og Fjordane gjev oss god grunn til å tru at skepsisen må vere endå større til eit Vestland som blir utvida med Rogaland og Sunnmøre. I eit fylke som er konstruert slik, vil bygdene, tettstadane og kommunane og interessene i vårt Sogn og Fjordane, møte endå sterkare konkurranse og motkraft.

Raudt Sogn og Fjordane vil utifrå dette be fylket sine medlemmar i fellesnemnda seie klart ifrå til fylkesordføraren i Hordaland at dette er noko Sogn og Fjordane ikkje vil vere med på.

Helsing

Raudt Sogn og Fjordane

Ingunn Kandal, fylkesleiar

464 77 723